



Troppå Gard Pettersen
Vestbygdvegen 346
5918 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/1559 - 18/15907

Saksbehandlar:

Marius Flemmen Knudsen

marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:

23.08.2018

Løyvingsbrev Gbnr. 12/ 2 og 3 SMIL 2018 - tilskot til inngjerding av beite

Administrativt vedtak. Saknr: 187/2018

Saksutgreiing:

Vi syner til søknad dagsett 06.06.2018.

Meland kommune vart for 2018 løyvd kr 190.000 i SMIL-midlar frå Fylkesmannen i Hordaland. Utval for drift og utvikling vedtok i møte 19.04.2016 ein ny SMIL-strategi for 2016-2019 med prioriteringar og satsar for kostnader. Søknadsfrist var 01.06.2018. Då søknadsfristen gjekk ut hadde Meland kommune motteke 10 søknader, m.a. frå Troppå gard v/ Wenche Pettersen for Gnr. 12. bnr. 2 og 3.

Troppå gard v/ Wenche Pettersen har søkt om tilskott til: inngjerding av beite på Gbnr. 1/4 .

Tiltaket ligg i LNF-området i arealplanen og i reguleringsplan og kommunen har ikkje registrert viktige miljøverdiar på arealet, men det er registrert 3 artar i nærleiken av området. Det er registrert vipe (sterkt truga på raudlista, stær (nær truga på raudlista) og grått lyngheifly (nær truga på raudlista).

Vedlegg til søknaden som er levert:

- Kart over tiltaket

Bruket har eit jordbruksareal på 88,2 daa, 31,1 daa skog og 93,3 daa anna areal. Driftsforma på bruket er sauehald og eggproduksjon.

Av SMIL-strategien går det fram at kommunen vil prioritere bygningar/byggverk, bygningsmiljø og landskap som er representative og særmerkt for vårt område, og bygningar som kan skape næringsaktivitet.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no

Postboks 79, 5906 Frekhaug

Besøksadr: Havnevegen 41 A

5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no

Telefon +47 56 17 10 00

Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413

Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Kommunen meiner det er viktig å sjå dei ulike tenesteområda i samanheng og byggje vidare på tiltak som allereie er i gong, t.d. beiteprosjekt, gamle turveggar m.m. Nyetablerte kan prioriterast. Det vert sett krav om at før utbetaling kan skje til nyetablerte, må det vere beitedyr på garden.

Overordna prioriteringar:

1. Framleis satsing på biologisk mangfald, stell og rydding av beitemark med særleg vekt på truga landskapstypar som kystlyng og strandeng. Denne særlege satsinga skal ikkje fortrenge søknadar som gjeld vanleg beitemark, men er det knappe midlar skal ein prioritere kystlynghei og strandeng dersom det kjem slike søknadar.
2. Tiltak hjå nyetablerte bønder dei 5 første åra etter overtaking
3. Tiltak knytt til å sette i stand bygningsmasse med tanke på ny aktivitet under gamle tak eller tradisjonell bruk og tiltak knytt til tørrmura element og heilskapleg kulturmiljø
4. Gjennomføring av fellestiltak knytt til kartlegging av avrenning frå landbruksareala til vatn og vassdrag.

Forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket ble i 2017 revidert. Det ble i ettertid utarbeidd eit nytt rundskriv til den reviderte forskrifta. Søknadene vert sett i samanheng med det Regionale miljøprogrammet for Hordaland (RMP).

Vurdering:

Prioritering totalt sett: 6

Søkjar driv aktiv med sau og har som følge av auka produksjon trong for meir beite. Det omsøkte arealet har vore nytta som slåttemark og beite nyleg. Området er ein del av eit større samanhengande kulturlandskap, og grenser til andre beitemarker. Kulturlandskapet inneheld kulturlandskapselement som steingardar. Området er eit av dei siste bruka som er at på Flatøy, og delar av området har blitt endra som følge av utviding av E39. Administrasjonen meiner det er viktig at området vert heldt i drift slik at ein opprettheld dei siste delane av kulturlandskapet på Flatøy. Administrasjonen meiner at tiltaket er i tråd med SMIL-ordninga sitt føremål, jf. forskrift om spesielle miljøtiltak i landbruket § 1. Området er viktige grøne element på Flatøy. Tiltaket vil vere synleg for mange som fastbuande, turgåarar og bilister på E39. Deler av området er som følge av Utvidinga av E39 ikkje klassifisert som jordbruksareal. Dette arealet skal rettast i AR5 gardskartet til jordbruksareal då det er tilbakeført.

Kostnadsoverslaget vert slik:

Tiltak	Mengde	Einingskostnad	Kostnad kr	Tilskots %	Tilskot kr
Gjerding synt på kart					
Gjerding, meter	854	60	51240		
Rydding trase, timer	15	250	3750		
Sum			54990	50	27000*

*Avrunda ned til nærmaste 1000.

Søknaden er vurdert i høve til naturmangfaldlova §§ 8-12 og basert på artskart, naturbase og den kunnskap som administrasjonen har om viktige miljøverdiar på Flatøy. Det er registrert tre artar i nærleiken som er på raudlista i ulike kategoriar. Alle artane er knytt til kulturlandskapet, og administrasjonen meiner det er positivt at arealet vert heldt i hevd slik at dei artane som knytt til kulturlandskapet framleis kan vere i området. Området har vore nytta som beite tidlegare og administrasjonen meiner at planlagd tiltak og bruk ikkje kjem i konflikt med dei artane som er registrert og viser til at dei oppsøker areal der det er landbruksdrift og dyr på beite. Administrasjonen har vurdert det slik at tiltaket ikkje er i konflikt med dei omsyn som lova skal ta vare på (jf. §§ 8-12).

Vedtak

”Meland kommune løyver 27 000 kr i tilskot til Troppå gard v/ Wenche Pettersen på Gnr. 12 bnr. 2 og 3. Løyvinga er eit eingongstilskot. Vedtaket har heimel i §§ 5 og 8 i Forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Løyvinga vert gitt på følgjande vilkår:

Generelle vilkår:

- Frist for gjennomføringa av tiltaka er sett til inntil tre år frå løyving: 01.12.2021.
- Det kan søkjast om utsetjing av arbeidsfrist i inntil to år ut frå skriftleg grunngeving, seinast ein måned før oppsett frist går ut.
- Søkjar har forplikta seg i høve til ein rekkje punkt ved underskrift av søknadsskjema, jf. punkt 5 i søknadsskjema.
- Løyving av tilskot inneber ikkje at tiltaket er godkjend i høve til anna regelverk. Det er difor viktig at søkjar før gjennomføring av tiltak gjer seg kjend med aktuelle lover og forskrifter.

Særskilde vilkår – beite:

Omsøkt areal bør nyttast til beite/slått i inntil 10 år etter at tiltaket er gjennomført. Kommunen minner om at det på gamal kulturmark ikkje bør oppgjødselast eller nyttast fullgjødsel. Dette er viktig for å ta vare på breidda av det stadeigne artsmangfaldet. Ved gjerding skal gjerdet ha ein 4 mm overstreng og bendsel mellom kvar stolpe, det vert i tillegg sett krav om at det er understreng ved hald av småfe, og tilrådd ved hald av andre beitedyr, for å sikre god stabilitet og lengre levetid.

Regional kulturminneforvaltning:

Kulturminne og kulturmiljø som er freda etter Kulturminnelova, skal handsamst særskild. Regional kulturminneforvaltning må kontaktast ved t.d. istandsetting av freda bygning eller skjøtsel kring ein automatisk freda gravhaug, dersom dette går ut over tradisjonell bruk av området til slått eller beiting.

Utbetaling av tilskot og utsetjing av arbeidsfrist:

- Tilskot vert utbetalt når tiltaket er gjennomført i tråd med løyvinga.
- Søknad om delutbetaling av inntil 75 % av løyvd tilskot når tilsvarande mengd arbeid er utført.
- Resterande del på 25 % vert utbetalt når tiltaket er fullført og sluttrekneskap er godkjend av kommunen.
- I søknad om sluttutbetaling skal det leggjast ved rekneskap med timelister, faktura og foto. Meland kommune har utarbeidd skjema til dette.
- Til utbetaling vil konto som oppgjeve på søknaden verte nytta. Søkjar plikter å informere skriftleg om endringar.
- Søknad om utsetjing av arbeidsfrist skal rettast til kommunen. Det er viktig at ein søker om utsetjing i god tid før fristen går ut, minimum ein måned før.

Kontroll:

Kommunen kan kontrollere at arbeid er gjort som omsøkt, jf § 9. Sakshandsamar hos Fylkesmannen kan også synfare tiltak. Statens Landbruksforvaltning eller Riksrevisjonen kan krevje naudsynte opplysningar og kontrollere at bruken av tilskotsmidlane er i tråd med føresetnadane.

Omgjering av vedtak:

Kommunen kan omgjere vedtak om løyvd tilskot dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for løyvinga eller tilskotsordninga, jf. § 10. Kommunen minner om at løyvd tilskot kan trekkjast attende, heilt eller delvis, dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for ordninga.”

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl.). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

SMIL søknad signert Gbnr. 12-2 og 3

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

BERGEN

Mottakere:

Troppå Gard Pettersen

Vestbygdvegen 5918
346

FREKHAUG